

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. X8.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr. 6

Herad: Sjernarøy.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lurar av samarulla bork ukjent i mi heimbygd.
2. Ordi halme, harpipa som namn på lur og ukjent for meg.
3. Rangler, t.d. gåsehals samanrulla og fyllt med erter er og framandt. Likeso stavar eller reip med ringar på. Rangler ukjente utan dei nye som vart kjøpte til småborn.
4. Kunsten å smella med eit blad ein la på yversida av den knytte hand, idet ein gjer ei liti holing på og slår til med høgre handi, er kjent nok. Bladi må helst vera litt store, t.d. av hassel. Å smella med ein papirpose fyllt av luft visste me og um. Og blommar fekk ein og til å smella, t.d. visse klokkeblomar, t.d. revebjølla. Blåklokka var noko liti til det, men derimot blomen smella var god, den som på latin heiter: *Silene venosa*. Derimot har eg aldri høyrte um å leggja glør på ambolten og slå til. Sviper var ikkje i bruk heima, so svipesmell var ukjent, anna me kunde ta ein grann kvist og slå med. Nateskal knitra i varmen, det visste me, men det vart aldri gjort sers, me høyrde det når nateskal vart kasta på varmen. Noko sers namn på dette har eg ikkje minne um, anna me kalla det : å smella. Det vart gjort med blad, og tunnt pair, -med blad helst um våren og fyrst på sumaren, um hausten kan eg ikkje minnast me brukte det.
 At dei ved festlege høve kunde skjota, t.d. ved brudlaup, er kjent nok, men der var aldri snakk um at det skulde driva burt noko vondt, eller verja for ulukka. Dei fata det helst som ei æra dei skulde gjera på brudeparet. Likeso skaut dei etter gamalt inn jol og nyttår, utan at der var snakk um vonde makter dei skulde verja mot. Truleg var det gjerne tanken frå fyrst av, berre at det var gått i gløyme.
5. Serlege ljodar som skulde driva burt vondt, anten det var vonde ånder eller sjukdom eller ulukka, har eg aldri høyrte um heima. Derimot snakka dei um at ved plystring kalla dei på Vondemannen, difor lika ikkje dei gamle at born og andre plystra.